

Terje Atle Strandos
Strandavegen 137
6947 Lavik

Trondheim, 21.06.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2021/1696

Sakshandsamar:
Tone Lise Alstad Eid

Vedtak i klagesak om utlegging av kollektorslange i Sørestrandvatnet naturreservat

Vi viser til klagen på vedtaket til Statsforvaltaren i Vestland 27.10.2020. Klagesaka vart oversend frå Statsforvaltaren i Vestland 25.01.2021.

Vedtak

Miljødirektoratet opprettheld vedtaket til Statsforvaltaren i Vestland. Søknaden om løyve til utlegging av kollektorslange for varmepumpe ut i Sørestrandvatnet naturreservat vert avslått.

Vedtaket er gjort etter forskrift om freding av Sørestrandvatnet naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 48 og forvaltningslova § 34 fjerde ledd.

Kort om bakgrunnen for saka

Statsforvaltaren i Vestland avslo 27.10.2020 søknad om å legge ut kollektorslange for varmepumpe ut i Sørestrandvatnet naturreservat i Høyanger kommune. Statsforvaltaren vurderte at verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 ikkje ga grunnlag for å innvilge søknaden.

I søknad 30.09.2020 er det opplyst at føremålet med anlegget er oppvarming av bustadhus i Sørestrandvegen 137, gnr./bnr. 78/3 i Høyanger kommune. Eigedomen gnr./bnr. 78/3 er omfatta av vernet, men vernegrensa går i strandkanten.

Det er søkt om å få legge kollektorslange ut i strandsona der avløp frå huset i dag går ut i vatnet. Kollektorslangen har ein diameter på 4 cm, og det er opplyst at han er mellom 200 og 400 meter lang. Slangen er fylt med frostvæske og vil bli lagt ut i ei sløyfe ut i vatnet. Slangen vert lagt på botn, og vil bli tynga ned med betonglodd. Det er lagt ved kart over planlagd plassering, og eit skriv frå leverandør som bekreftar at anlegget ikkje vil ha påverknad på temperaturen i Sørestrandvatnet.

Statsforvaltaren si vurdering var at ein kollektorslange som er lagt ut i vatnet vil vera eit inngrep som vil forstyrre botnen med tilhøyrande plante- og dyreliv. Påverknaden vil til ein viss grad kunne reparere seg sjølv over tid, slik at plantar og dyr kjem attende, men kollektorslangen med lodd vil uansett vera eit framandelement i naturreservatet. Statsforvaltaren legg vekt på at terskelen for å tillate inngrep skal vere svært høg, og meiner tiltaket er i strid med føremålet med vernet.

Grunngiving for klagen

Avslaget er påklaga i brev datert 16.11.2020. Klagen er grunngjeve med at ei slik varmpumpe vil føre til ein reduksjon i straumforbruket på 15-20 000 kWh, og at ein sparer fire til åtte mål ved i året. Ei alternativ varmekjelde som bergvarme let seg ikkje utnytte, fordi vanskeleg berggrunn med mykje grus gjer det vanskeleg å bore hol som kan brukast til formålet. Huset er i dag det einaste bustadhuset i området med vassboren varme, som ligg så nær vatnet at det er aktuelt å legge ut kollektorslange i Sørestrandvatnet naturreservat.

Det finst giftfrie alternativ til frostvæska i varmpumpeanlegget, som til dømes produktet "Kilfrost Geo". Det vil dermed ikkje bli nokon skade på livet i vatnet ved eventuell lekkasje.

Verneforskrifta del IV, punkt 3 hindrar rett nok framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, men samtidig er det slik at ifølgje del VI kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til "6. bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, oppføring av gjerde m.v." og "7. Framføring av kloakkleidningar i samband med utslepp frå hushaldingar".

Dersom vatn til vatn-varmpumper hadde vore kjent teknologi da vernet blei vedtatt i 1991, hadde det nok vore naturleg at slike ville ha blitt nemnt under punkt VI.

Det er tillate å bruke landnot i Sørestrandvatnet naturreservat, og dette er ein form for fiskereiskap som påverkar botntilhøva meir enn utlegging av kollektorslange vil gjere. Det er allereie gjeve løyve til framføring av kabel til ei hytte ved Sørestrandvatnet, og denne kabelen er lagt i naturreservatet. Etter det klagar er kjent med, blei det også på same tid lagt vassleidning til hytta. Det vert opplevd som svært urimeleg at nokon får løyve til å legge straumkabel i reservatet til ei hytte, medan klagar som har budd i området i lengre tid, blir avskoren frå å modernisere oppvarminga. Det er dessutan eit økonomisk spørsmål, i tillegg til at det er tungt å drive ein gammal fyrkjel som bruker enorme mengder ved og straum.

Vurderingane til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har i klageoversendinga gjort ei vurdering av dei ulike momenta i klagen, men finn ikkje grunnlag for å endre vedtaket. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at klagar ikkje kan nytte andre, gode alternativ som gjer det mogleg å utnytte det eksisterande opplegget for vassboren varme i bustaden. Tiltaket er etter Statsforvaltaren sitt syn klårt i strid med verneforskrifta, og det er ikkje spesielle tilhøve ved denne saka som gjer at ein kan unngå presedens for liknande søknadar i både Sørestrandvatnet naturreservat og andre verneområde. Ulike former for varmpumper har etter kvart vorte vanlegare i norske heimar, og med større etterspørsel og synkande investeringskostnader er det pårekeleg at det vil bli mange slike saker og totalt sett betydelege inngrep i fleire verneområde dersom det blir gitt løyve i denne saka. Statsforvaltaren har difor sendt saka over til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vurderingane til Miljødirektoratet

Miljødirektoratet er klageinstans i saka, og vi kan derfor prøve alle sider av saka. Vi kan også ta omsyn til nye omstende og tilhøve som ikkje er tatt opp i klagen.

Vernereglane for naturreservatet

Sørestrandvatnet naturreservat i Høyanger kommune vart verna ved kongeleg resolusjon 20.12.1991. Føremålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til området sin verdi som trekk- og hekkelokalitet for våtmarksfugl. Vernet dekkjer eit areal på om lag 1160 daa. Av dette er om lag 540 daa landareal.

I naturreservatet er all vegetasjon i vatn og på land freda mot alle former for skade og øydelegging. Det er forbod mot tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, å sette frå seg campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.

Miljødirektoratet si vurdering

Å legge ut ein kollektorslange på botnen av Sørestrandvatnet fell inn under tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, og som derfor som utgangspunkt er forbode etter verneforskrifta punkt IV nr. 3.

Det er i verneforskrifta tatt inn eit punkt om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til framføring av kloakkleidningar i samband med utslepp frå hushaldingar, og legging av leidningar for vatningsanlegg. Ein kollektorslange for varmepumpe er ikkje omfatta av desse unntaksreglane, og må vurderast etter den generelle unntaksheimelen i naturmangfaldlova § 48. Den gir forvaltningsstyresmakta heimel til å gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot føremålet for vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Naturmangfaldlova § 48 er meint å vere ein heimel for tiltak som ein ikkje kunne sjå for seg, eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. I vurderinga av om ein skal gje dispensasjon, må det gjerast ei konkret vurdering av om vilkåra er oppfylde. Regelen i naturmangfaldlova § 48 er ein kan-regel, som tyder at ingen har krav på ein dispensasjon. Det må gjerast ei konkret vurdering av omfanget og miljøpåverknaden av tiltaket, og i tillegg til kor naudsynt tiltaket er. Det vil også vere ein del av vurderinga om det kan påverke verneverdiane om fleire saker av same type får løyve.

Statsforvaltaren viser til at eit 200 til 400 meter langt plastrøyr trekt ut i vatnet, plassert i sløyfe og helde på plass av betonglodd eller liknande etter deira syn klart er eit inngrep som vil forstyrre botnen med tilhøyrande plante og dyreliv. Påverknaden vil rett nok til ein viss grad kunne reparere seg sjølv over tid slik at plantar og dyr kjem tilbake, men kollektorslangen med lodd vil uansett vera eit framandelement i naturreservatet. Det vert vist til at det er ei målsetting at

naturreservatet skal bli tatt vare på utan inngrep, og at terskelen for å tillate inngrep skal vere svært høg. Statsforvaltaren konkluderer difor med at tiltaket er i strid med verneformålet.

Miljødirektoratet finn ikkje grunnlag for å overprøve vurderinga frå Statsforvaltaren. Sjølv om tiltaket isolert sett er lite, er det eit viktig omsyn at eit løyve vil kunne skape presedens for liknande tiltak, både i dette naturreservatet og i andre tilsvarande verneområde. Verneformålet for Sørestrandvatnet naturreservat er å ta vare på eit våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til området sin verdi som trekk- og hekkelokalitet for våtmarksfugl. Framføring av kablar er vurdert å vere eit tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, og Miljødirektoratet støtter Statsforvalteren si vurdering av at det skal vere høg terskel for å tillate permanente inngrep i området. Det er mogleg med alternativ som ikkje føreset inngrep i naturreservatet. Miljødirektoratet legg avgjerande vekt på at eit løyve vil legge grunnlag for ei uheldig utvikling for liknande saker. Klagen vert ikkje tatt til følge.

Klagerett

Vedtaket er endeleg, og du kan ikkje klage på vedtaket.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Knut Fossum
seksjonsleiar

Tone Lise Alstad Eid
seniorrådgjevar

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland